



Vingulmork, 25. mars 2022

Språkrådet  
Postboks 1573 Vika  
0118 Oslo

## Fråsegn til framlegg um staving

Norskt Måldyrkingslag hev ei nokre merknader til framlegg til staving av ymse ord som Språkrådet no hev sendt ut på høyring. Merknadene kjem i same rekkjefylgja som framleggi kom i høyringsnotatet, so nær som siste merknaden.

### -eum

Med framlegget frå Språkrådet vert einaste bøygingi *eit jubileum* : *jubileet*, og det vik av frå vanlege bøyjemynster. I bruk er det ymist tildriv til tilmåting etter vanleg bøyging av inkjekyn, anten *eit jubilé* : *jubileet* elder *eit jubileum* : *jubileumet*. Framlegget frå Språkrådet tek burt høvet til å fylgja ei vanleg norsk bøyging, og det er ingi god løysing. Språkrådet tel elles fyre at «[e]ndringar motiverte av systemomsyn kan føra til auka valfridom ved einskilde ord.» Framlegget her er systembrjotande og gjev mindre valfridom, og gjeng dimed tvert andre vegen. Det er difor vandt å sjå kva godt detta framlegget skal vera til.

### hen

Framlegget frå Språkrådet segjer inkje um kva grammatisk kyn det nye varaordet *hen* skal hava. Skal det heita *hen er liten* el. *liti* (lita) el. *lite*, elder kann det heita kvart og eittdeira? Me går at ordet i tala, i den mun det vert nøytt, oftaste fell i hop med *han*, og at folk tidaste set ukjent kyn i hannkyn. Svaret gjev seg difor kann henda sjølv. Bruket av det nye varaordet er derimot jamnaste eit medvite val som kann leggja andre, medvitne føringar på målbruket i strid med vanen. Ei slik føring som ofta gjer seg gjeldande, er at ein ikkje vil føra tanken inn på hannkynet heile tidi. Desse ulike umsynene vert ein uløysande floke for mange, og eikor leidrettingi her må difor koma godt med.

I denne samanhengen kann me gå at skulemålet ikkje lenger hev ei eigi hokynsform av lagord so som *open*. Det er i strid med målkjensla hjå mange, og meinkar høvet til å merkja ut kyn. Tanken med å føra inn *hen* må vera god, men same tanken lyt gjelda breidt. Her vantar ei utfyllande dryfting av høvet til å merkja ut kjent og ukjent kyn.

### kremt

Framlegget frå Språkrådet synest setja fyre at bruket av *kremt* i hannkyn er kvervande – «tendensen over tid», det heiter. Slik eindimensjonal ekstrapolering kann ikkje liggja til grunn for normeringi. Ordet *kremt* er ikkje millom dei tidgjengaste, og det gjer at ein lyt

vera varsam med å tolka tali. Det som er stoda i dag, er at det år um anna framleis kjem ut bøker der det heiter *ein kremt* og dilikt; det viser eit søk hjå Nasjonalbiblioteket. Det bruket, i lag med det umstende at hannkyn var tradisjonelt rådande alt fram til 1995, talar fyre at hannkyn ikkje kann takast ut no.

### kjevle

Det synest uvist å kløyva *kjevle* so som Språkrådet slær frampå – ein slik skipnad vert villande. Når *kjevle* lyt hava inkjekyn i visse samansette ord, tyder det på at hokyn er uhøvelegt når det kjem til stykket. Det er kor som er ingen stor vande um sume skriv detta ordet med hokyn elder hannkyn etter målføret, um ordboki so held ved å råda til inkjekyn.

### -a(n) i samansetning

Framlegget frå Språkrådet bøter nokolite på eit hovudlaust system, og den tanken er god. Det spyrst lika vel um denne boti er visshøv. Det er elles ikkje tal um nokon «samansetningsfuge», som Språkrådet skriv; lekken *-an* lagar eit nytt ord av ordroti han heng på, og det er detta nye ordet som vert samansett med ymse andre ord – utan fuge.

I dag er det ei nokre ord i denne flokken – *undan* og so *nordan*, *sunnan*, *austan* og *vestan* – der grunnordet ikkje hev høve til staving med *-n* i skulemålet i dag. Det er ei systemveila som burde rettast, men det ser ut til at det fell utanfyre leitet i framlegget.

Skil me framlegget rett, emnar Språkrådet opna for stavingar so som *innatil* og *nedafor*. Slik det er målbore i framlegget, er det uvisst um stavingar so som *ovapå* skal vera med, med di det ikkje finst noko «retningsadverb» *ov* – elder jau, det finst i gamalt skaldemål. Alle desse ordi på *-an* høyrer do til i same flokken og burde handsamast eins.

Ein annan ting er at *-n* i desse ordi jamt yver er høyrande i samansetningar med ord som tek åt med *t-* au. Difor er det sers uhøvelegt at det berre kann heita *unntil* i skulemålet i dag. Men ved eit skifte *ovantil* : *ovapå* elder dilikt i same skriftstykket kann ukunnige målbrukarar og målrettarar tru at det er fylgjerangt. Denne skipnaden tarv difor umfram leidretting, og det er ingen lette for målbrukarane.

Alt i hop er det lettaste å skriva *-an* i alle tilfelle og ikkje freista fylgja ymis framburd her og kvar.

### -er, -el og -ius

Mål dyrkingslaget legg seg ikkje burti stavingi i bokmål, men i framlegget til umbot i bokmål er det vist til stoda i nynorsk. Me vil då gjera merksam på at nedskjeringi av sideformer som Riise-nemndi volde, var i strid med tradisjonen i både måli. Språkrådet burde difor helder retta det som rengt er i nynorsk, og taka inn att formene *skramlet*, *rablet*, *teatret*, *radien* og *justitiariane* der. Det kann ikkje vera i samhøve med grunnsetningane for normeringi at desse formene skal vera forbodne i nynorsk – og at bokmål so for den sak skuld lyt leggja av former som er vanlege i det målet.

For styret i Norskt Mål dyrkingslag

Thorgeir Holm, styresmann